

INNHALDSREGISTER

1. INNLEIING
2. MÅLSETJING FOR ARKIVTENESTA OG POSTBEHANDLINGA I GOL KOMMUNE
 - 2.1. Arkivtenesta
 - 2.2. Postbehandlinga
3. LOVER OG FORSKRIFTER OM ARKIV
 - 3.1. Kommunelova
 - 3.2. Arkivlova
 - 3.3. Forvaltningslova
 - 3.4. Offentlegheitslova
 - 3.5. Personregisterlova
 - 3.6. Pliktavleveringslova
 - 3.7. Forskrift om lege- og helseinstitusjon sin journal for pasient
 - 3.8. Riksarkivaren
 - 3.9. Sikkerhet- og beskyttelsesinstruksen
4. ORGANISERING AV ARKIVTENESTA
5. ARKIVORGANISASJON
 - 5.1. Delegering av arkivmynde
 - 5.2. Arkivleiar sine ansvars- og arbeidsoppgåver
 - 5.3. Avdelingane sitt ansvar
 - 5.4. Dei ytre verksemdene sitt ansvar
 - 5.5. Registeransvarlege
6. ARKIVORDNINGA I GOL KOMMUNE
 - 6.1. Oppbygginga av arkivet
 - 6.2. Aktivt arkiv, bortsettjingsarkiv og fjernarkiv
 - 6.3. Periodedeling av arkivet
7. ARKIVAVGRENSING OG KASSASJON
 - 7.1. Arkivavgrensing
 - 7.2. Bevaringspåbod
 - 7.3. Arkivdepot og avleveringsplikt
 - 7.4. Kassasjon
8. ARKIVUTSTYR OG ARKIVLOKALE
9. POST-OG ARKIVRUTINER
 - 9.1. Oppdatering av rutiner
 - 9.2. Rutine for behandling og registrering av post-kommunehuset
 - 9.3. Rutine for behandling og registrering av post-ytre verksemder
10. SAKSBEHANDLINGA
 - 10.1. Mottak og fordeling av brev og saker
 - 10.2. Forebels svarbrev
 - 10.3. Rutine for avskriving av saker
 - 10.4. Rutine for utlån
 - 10.5. Fullfort saksbehandling
 - 10.6. Behandling av klagesaker
 - 10.7. Presedenssaker
 - 10.8. Restansekontroll
 - 10.9. Utvalsarbeid
11. TRYGGLEIKSRUTINER
12. VEDLEGG
13. ARKIVUTTRYKK MED FORKLARINGAR
14. ARKIVOVERSYN

1. INNLEIING

Arkivplan for Gol kommune byggjer på kartleggingsrapport frå IKA Kongsberg.

Det vart sett ned ei prosjektgruppe som basert på resultatane frå kartlegginga skulle utarbeide arkivplan for Gol kommune.

Prosjektgruppa hadde fylgjande mandat:

«Prosjektgruppa får det heile og fulle ansvar for å utarbeide arkivplan for Gol kommune, som skal gi ei framstilling av arkivordninga i kommunen, herunder målsetjing og retningslinjer for arkivdanning og ivaretaking, reglement og instruksar for arkivtenesta. Prosjektgruppa får mynde til å ta dei naudsynte avgjerder undervegs».

Arkivplanen byggjer på dei generelle krava i arkivlova, kommunelova, offentlegheitslova, forvaltningslova, personregisterlova, anna særlovgeving og eigne interne instruksar.

Planen skal gi eit oversyn over målsetjingar og rutiner vedrørande arkiv, post/journalføring, saksbehandling og utvalsarbeid i Gol kommune. Planen skal nyttast som eit hjelpemiddel i det daglege arbeidet for å betre kvaliteten på saksbehandling og service.

Planen utleverast til alle nytilsette i administrasjonen og nyttast ved opplæring.

- Alle politisk og administrativt behandla saker skal fylgje dette reglementet.
- Alle tilsette i Gol kommune som arbeider med saksbehandling eller kontorrutiner, pliktar å gjere seg kjend med og fylgje desse retningslinene.

Fyrste del av planen inneheld eit oversyn over lover og forskrifter om arkiv i tillegg til målsetjing for arkivtenesta og postbehandlinga.

Under kapitlet om arkivorganisasjon ynskjer vi å stadfeste kvar ansvaret ligg for dei einskilde arkiva.

Vi ser kapittel 9 om post- og arkivrutiner, som ein viktig del av planen og vonar at klargjering og nedskrivning av desse rutinane kan hjelpe deg i det daglege arbeidet.

Kapittel 10 om saksbehandlinga har vi teke med for å få betre rutinar kring både saksbehandlinga og føre- og etterarbeid på sakene.

Kapittel 11 handlar om tryggleiksrutiner. Det er viktig at alle tilsette kjenner til korleis ein skal sikre dokument med sensitive opplysningar mot innsyn frå uvedkomande på EDB-systemet, og at ein kjenner til lovverket som regulerer innsynsretten.

2. MÅLSETJING FOR ARKIVTENESTA OG POSTBEHANDLINGA I GOL KOMMUNE

2.1. Arkivtenesta

- Å skape ein arkivorganisasjon i Gol kommune som gjer det mogleg å samordna arkivsystem og rutiner.
- Arkivet skal:
 - Vere ei lett tilgjengeleg informasjonskjelde for saksbehandlarar og publikum.
 - Fungere som ei kjelde til kvalitetssikring av den service kommunen gir sine innbyggjarar.
 - Medverke til effektivitet i den kommunale saksbehandlinga.
 - Sikre god informasjonsflyt i organisasjonen.
 - Vere godt registrert og sikkert lagra, slik at det fungerer i dagleg bruk og på ein trygg måte tek vare på arkivverdig materiale for ettertida.

2.2. Postbehandlinga

- Rask og korrekt behandling frå posten kjem inn til han er fordelt.
- Å tilstrebe eit godt fungerande sak-/arkivforum der ein kan diskutera og vidareutvikle gjeldande rutinar.
- At rutinar og ansvarsområde skal vere kjende for arbeidstakarane.
- Utvikle gode rutinar som skal medverke til å lette opplæringa av nye arbeidstakarar.

3. LOVER OG FORSKRIFTER OM ARKIV

3.1 Kommuneleva

Kommuneleva §4 forpliktar kommunane til å drive aktiv informasjon om verksemda si og leggje forholda best mogleg til rette for offentleg innsyn i saksdokumenta.

Kommuneleva §5 uttrykkjer at kommunen skal utarbeide ein samordna plan for den kommunale verksemda.

I fylgje kommuneleva §23, pkt. 1, er det rådmannen som er ansvarleg for kommunen sine arkiv. Kommunestyret fastset reglement og nærare reglar for saksbehandlinga, jfr. Kommuneleva §39, pkt.1. Departementet kan gi forskrifter om behandling, ivaretaking, ordning av og tilsyn med arkiva til kommunane, jfr. Kommunleva §39, pkt.2.

3.2 Arkivlova

Lov av 4. Desember 1992 nr. 126 om arkiv m.m. inneheld forskrifter om offentlege organ si plikt til å ha arkiv, om desse organa sitt arkivansvar, om Riksarkivaren sitt rettleiings- og tilsynsansvar og om kassasjon og ivaretaking av arkiv. I medhald av arkivlova er det utarbeidd forskrift av 11.12.98 nr. 1193 om den administrative ordninga av arkiva. Lova med forskrift vart iverksett 1.1.99. I forskrifta Kap.II, §2-2, er det lovfesta ei plikt for offentlege organ til å ha ein ajourført arkivplan. Planen skal vise kva arkivet omfattar og korleis det er organisert.

3.3. Forvaltningslova

Forvaltningslova §11 allmenn seier at forvaltningsorganet skal avgjere ei sak utan ugrunna opphald. Om ein reknar med at det vil ta sær lang tid å gje svar på ei sak, skal søkjaren snarast underrettast om dette, jfr. Førebels svarbrev. Sjå elles side 26 om førebels svarbrev. Forvaltningslova §13 inneheld forskrifter om teieplikt og avgrensinga av denne, og om partsoffentlegheit. Arkivpersonalet har i medhald av lova rett til å journalføre og arkivleggje materiale som er underlagt teieplikt.

- Konsesjon for grunnskulen
 - Konsesjon for sosialkontoret sitt klientregister
 - Konsesjon for barneverntenesten sitt klientregister
 - Konsesjon for klientregister ved PPT-kontor
 - Konsesjon for barn i barnehage
 - Konsesjon for register for pleie- og omsorgsetaten sine heimebaserte tenester
- Sjå elles kap. 5.5 om registeransvarlege sitt ansvar.**

Det er elles viktig å merke seg at lova er under revidering.

3.6 Pliktavleveringslova

Lova har som føremål å dokumentere samtidshistoria. Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana skal sikre at dokument med allment tilgjengeleg informasjon blir teke vare på og gjort tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.

Pliktavleveringslova pålegg utgjevarar og produsentar å avlevera allment tilgjengelege dokument. Allment tilgjengeleg tyder at utgjevar har ein klar intensjon om å spreie dokument ut over ein avgrensa krins, eks. i publikumsretta eller popularisert utgåve. Avleveringsplikta omfattar alle dokument uavhengig av kva for slags medium informasjonen er lagra på.

Eksempel på dokument som er avleveringspliktige er bygdebøker, brosjyrer, informasjonsaviser og rapportar og utgreiingar av generell karakter. Kommunen skal avlevere sju eksemplar av dokument dei både utgir og trykkjer sjølve.

3.7.«Forskrift om lege- og helseinstitusjon sin journal for pasient»(1989)

4. ORGANISERING AV ARKIVTENESTA

Arkivforskriftene §1-1 pålegg kommunane å fastsetje kva for einingar som skal reknast som egne organ etter forskrifta.

Gol kommune skal definerast som eitt offentleg organ som inkluderer alle dei ytre verksemdene.

Arkivtenesta i Gol kommune er organisert som ei felles sentral arkivteneste som skal dokumentere politisk og administrativ saksbehandling i kommunen. Tenesta blir kalla «Felles post/arkiv». Det sentraliserte arkivet fungerer som ein arkivskapar med ein felles postjournal og eit felles saksarkiv for heile kommunehuset, jfr. arkivforskrifta, §1-1 om offentleg organ.

Dei ytre verksemdene fungerer alle som kvar sin arkivskapar. Dei som ikkje er tilknytta kommunes sitt felles sak/arkivsystem, skal føre eigen postjournal for saksarkiv og sine respektive spesialarkiv.

Arkivskaparar som har arkiv som krev særleg sikring mot innsyn, skal fungere som egne arkivskaparar for desse arkiva. Desse arkivskaparane skal sjølve føre postjournal for si verksemd.

Fjernarkivet ligg under det sentraliserte arkivet sitt ansvarsområde, og det er dei tilsette der som yter tenester i tilknytning til dette. Fjernarkivet har status som arkivdepot, jfr. arkivforskriftene § 5-1.

5. ARKIVORGANISASJON

5.1. Delegering av mynde

I fylgje lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. September 1992 nr. 107, er det rådmannen som har det overordna arkivansvaret i kommunen.

Kommunestyret fastset dei praktiske og økonomiske rammene for arkivarbeidet i kommunen gjennom sine vedtak.

I arkivplanen for Gol kommune delegerer rådmannen si mynde slik:

«Arkivleiar har det overordna ansvaret for arkivdanninga og arkivlegginga i kommunen. Arkivleiar er arkivfagleg overordna avdelingane».

5.2. Arkivleiar sine ansvars- og arbeidsoppgåver

- Delegert mynde til å leie arkivtenesta i kommunen.
- Tilsyn med at postbehandling og arkivlegging internt og eksternt skjer i samsvar med lover, forskrifter og kommunen sin arkivplan.
- Ansvar for mottak og avlevering til kommunen sitt fjernarkiv.
- Syta for at arkivtenesten i kommunen har naudsynt kompetanse og ta initiativ til naudsynt arkivopplæring av arkivpersonale og sakshandsamarar i kommunen.
- Tilpasse arkivrutiner for personregister saman med dei registeransvarlege.
- Vere kontaktperson og kommunen sitt bindeledd med IKA Kongsberg.
- Ta initiativ til oppdatering og utvikling av planer for arkivverksemda i kommunen.
- Ta del i IT-arbeid innafør arkivtenesta sitt ansvarsområde.

5.3. Avdelingane sitt ansvar

- Avdelingsleiarane har det administrative ansvaret for dei aktive spesialarkiva som er i deira avdelingar
- Avdelingsleiarane for dei avdelingane som har spesialarkiv i si avdeling, skal peike ut ein arkivansvarleg i avdelinga. Denne er arkivfagleg underordna arkivleiar og skal sjå til at avdelinga fylgjer dei retningsliner og rutiner som gjeld for arkivarbeidet i kommunen. Arkivansvarlege i avdelinger som har underordna institusjonar eller avdelingar, er arkivfagleg overordna desse. Dei arkivansvarlege i avdelingane på kommunehuset kan finne fram og setja materiale i fjernarkivet dersom personalet i felles post/arkiv godkjenner dette.

6. ARKIVORDNINGA I GOL KOMMUNE

6.1. Oppbygginga av arkivet

Dei einskilde arkiva skal delast opp i arkivseriar. Dette er arkivverdig materiale som dokumenterer saksbehandlinga og vedtak hjå ein arkivskapar.

Her fylgjer eit oversyn over dei einskilde arkivseriar som vert nytta i Gol kommune:

Møtebøker

2 Dette er protokollar frå møta i dei politiske utvala. Desse skal innehalde saksframstilling, framlegg til vedtak og det endelege vedtaket. Møtebøkene for dei største politiske utvala som **UTVAL FOR NATUR OG NÆRING, UTVAL FOR KULTUR OG LEVEKÅR, KOMMUNESTYRET, FORMANNSKAPET** og **PLANUTVALET** skal delast i perioder på eitt år. Møtebøker for dei andre utvala skal delast i periodar på fire år. Protokollane frå dei politiske utvala blir underskrive av medlemene i utvalet, og skal bindast inn årleg eller kvart fjerde år.

Saker avgjort av administrasjonen etter fullmakt skal ordnast kronologisk etter saksnummer og bindast inn årleg. Desse vedtaksprotokollane skal underskrivast av den som har fullmakt til å fatte vedtaket.

Referat frå møte i leiargruppa, avdelingsleiarmøta og avdelingsmøta i ytre verksemder skal bindast inn etter vurdering.

Kopibøker

Dette er ei kronologisk samling av alle brev som vert sende ut frå ein arkivskapar. Det skal eksistere kopibok for alle arkivskaparar. Det skal vere separat kopibok for **IKKJE OFFENTLEGE** brev. Kopibøkene skal bindast inn årleg, eller etter behov for mindre verksemder. Unntak skal avklarast med arkivleder.

Postjournalar

Desse registrerer inn- og utgåande korrespondanse frå arkivskaparane. Det blir nytta EDB-baserte journalar i verksemda på kommunehuset, omsorgsavdelinga, legekantoret, helsestasjonen og biblioteket og ungdomsskulen. Barnehagane og barneskulane nyttar manuelle journalar. Det skal førast journal for alle arkivskaparar. På kommunehuset har Felles post/arkiv ~~har~~ ansvaret for føring av felles postjournal for saksposten, medan sosialavdelinga og opplæringsavdelinga har ansvaret for å føre postjournal for klientsaker og elevsaker. Elevsakene blir ført inn i den felles postjournalen, men det er avdelinga sjølv som har ansvaret for .

6.3. Periodedeling av arkivet

I Gol kommune byggjer arkivordninga på fireårige arkivperiodar, som er identiske med den kommunale valperioden. Alle arkivskaparar skal fylgje denne periodedelinga. EDB-basert og manuell journal skal fylgje same periodeinndelinga som det fysiske arkivet.

Ved overgang til ny arkivperiode skal arkivet delast. Det skal vere samsvar mellom periodedelinga i journalen og saksarkivet. Den praktiske gjennomføringa av delinga skal skje seinast eit år etter at ein arkivperiode er avslutta og skal gjerast på fylgjande måte:

- Møtebøker, kopibøker, postjournal og saksarkiv.
Årgangene frå den avslutta perioden skal skiljast ut.
- Postjournalar og andre register skal setjast bort saman med arkiva slik at det er samsvar mellom registra og det øvrige arkivmaterialet.
Materialet som vert skilt ut på denne måten, skal i fyrste omgang arkivavgrensast, pakkast i merka arkivbokser og overførast bortsetjingarkivet.
- Objektarkiv skal fylgje reglane som er vist til tidlegare i arkivplanen.

Periodedeling skal ikkje berre skje ved overføring av eldre og uaktuelle dokument. Ved overgang til ny arkivnykel må det setjast eit skarpt periodeskille som inneber at ein set eit absolutt skille i journalen og saksarkivet. Dette gjeld og ved innføring av nytt EDB-system der fullstendig konvertering ikkje er praktisk mogleg.

Ved starten av ein ny arkivperiode vil det støtt vere saker som er under handsaming. Slike saker skal overførast til den nye perioden. Det skal vere tilvisningskort i det arkivet som blir sett bort. Samstundes skal det registrerast i journalen som fylgjer arkivet til bortsetjing at sakene er overført til ny arkivperiode. I den nye journalen skal dei førast som innkome post frå førre periode.

7. ARKIVAVGRENSING OG KASSASJON

Det vi ynskjer å oppnå med arkivavgrensing og kassasjon er å avgrense omfanget av dei kommunale arkiva mest mogleg. Samstundes skal kassasjonsreglane sikre at arkivmateriale av varig verdi blir teke vare på for ettertida.

Andre omsyn gjer at det er naudsynt med påbod om tidsavgrensa eller permanent ivaretaking av arkivsaker:

- Forvaltninga må sikra seg tilstrekkeleg materiale til dokumentasjon og rasjonell saksbehandling
- Einskildpersonar og organisasjonar sine juridiske rettar må kunne dokumenterast.
- Framtidig forskning må sikrast eit tilstrekkeleg representativt kjeldemateriale

I Gol kommune skal arkivavgrensing vere hovudmetoden for å redusera tilveksten i arkiva. Arkivavgrensinga skal gjennomførast i samband med postbehandling og arkivlegging.

7.1. Arkivavgrensing

Fylgjande materiale skal arkivavgrensast:

1. Trykksaker, rundskriv, ikkje utfylte blankettar og anna mangfaldiggjort materiale.

Unnatak:

Det organet som har utarbeidd slikt materiale, arkiverer eit eksemplar og naudsynte førearbeid. Dokument som medfører saksbehandling eller er naudsynte vedlegg til ei sak, er ikkje gjenstand for arkivavgrensing.

Det skal dessutan ligge ved ei fullstendig liste over alle arkivstykkja og kva dei inneheld.

Felles post/arkiv som er ansvarleg for mottak til Gol kommune sitt arkivdepot, skal føre register over arkivbestand og tilvekst.

Konsesjonspliktige klientarkiv overførast IKA Kongsberg. (Gol kommune har takka ja til å nytte IKA sitt fjernarkiv.)

7.4.Kassasjon

Kassasjon vil seie å fjerne og øydeleggja arkivlagt materiale. Arkivlagt materiale kan i fylgje gjeldande lovverk berre bli gjenstand for kassasjon etter løyve frå Riksarkivaren eller den han har gjeve fullmakt. Det er fyrst og fremst økonomiske omsyn som gjer det naudsynt med registrering av det materiale som har varig oppbevaringsverdi.

Felles post/arkiv skal i samarbeid med avdelingsleiarane vurdere kassasjon i saksarkiva kvart fjerde år i samband med overføring til fjernarkiv.

For materiale som ikkje kjem inn under arkivavgrensinga i § 3-19 eller bevaringspåbodet i § 3-20, skal Riksarkivaren sine kassasjonsreglar for kommunar gjelde.

(Nye bevaringsreglar frå Riksarkivaren er under utarbeiding. Retningslinene blir sendt separat til den einskilde avdeling).

8. ARKIVUTSTYR OG ARKIVLOKALE

Kommunale arkivskaparar skal nytte godkjent permanent papir (ISO 9706) til alle dokument som kommunen produserer. Skriveutstyr, kopimaskinar og skrivarar skal produsera lysekte skrift. Pennar til signering skal vere godkjente.

Arkivskåp skal vere låsbare og brannsikre når dei er plasserte i lokale som ikkje er sikra mot brann.

Alle rom der ein oppbevarar arkivmateriale over lengre tid, blir rekna som arkivlokale. Arkivlokale kan vere vanlege kontorrom eller spesialrom for arkiv, jfr. arkivforskriftene KAP IV, § 4-1.

Eldre og avslutta arkiv skal plasserast i spesialrom for arkiv, i Gol kommune, fjernarkivet. Ytre verksemder som ikkje har godkjend fjernarkiv, avleverer sitt materiell til fjernarkivet på kommunehuset.

I fjernarkivet skal det ikkje lagrast andre ting som reduserer tryggleiken til arkiva. Arkivmaterialet skal ikkje stå tett inntil vegg og tak eller rett på golvet. Sjå elles arkivforskrifta, KAP IV om oppbevaring og sikring av offentlege arkiv.

Bortsetjingsarkiv skal så langt råd er, plasserast i spesialrom for arkiv, men arkiv som er i hyppig bruk, kan plasserast i vanlege kontorrom. Særleg små verksemder kan plassere bortsetjingsarkiv og eldre avslutta arkiv i brannikkert skåp istaden for i fjernarkiv.

Daglegarkivet kan plasserast i vanlege kontorrom, jfr. § 4-2.

Arkivlokala skal vere sikra mot brann, vatn og fukt, og vere utilgjengelege for uvedkomande. **Sjå elles kap. 12 om tryggleiksrutinar.** Klimaet i arkivlokala til fjernarkivet skal vere stabilt innafor grenseverdiane 15-17°C og 40-60% relativ luftfuktighet (RLF). Innreiing og bygningstekniske installasjonar skal vere i tråd med retningslinene frå Riksarkivaren.

9. OMTALE AV RUTINER

9.1.Oppdatering av rutiner

Arkivplanen må oppdaterast ved endringar i organisasjonen eller endringar i rutiner i sak/arkivsystemet. Ansvarleg er informasjon- og driftsavdelinga v/ arkivleiar.

9.2. Rutine for behandling og registrering av post på kommunehuset

Henting, sortering og opning

- Personale frå felles post/arkiv skal hente posten så snart han er komen. Resepsjonen gir melding om dette.
- Personleg adressert post skal leverast uopna til rette vedkomande snarast. Dersom eit brev trass i personleg adressering er til administrasjonen, har mottakaren ansvaret for at det snarast blir levert til felles post/arkiv for registrering. Det kan gjevast fullmakt til å opne personleg adressert post. Fullmakta skal vere skriftleg.
- Om saksbehandlarane mottok post direkte på kontoret, og dette er sakspost, skal denne snarast leverast til felles post/arkiv for journalføring.
- Post som er adressert til administrasjonen skal opnast av arkivet med unnatak av posten til sosialavdelinga. Denne skal sorterast uopna i posthylla deira.
- Det skal alltid vere to personar tilstades under postopninga.
-

*Kva med
dtko nomiaard.*

Stempling, koding og registrering

- Saksposten skal påførast stempel med namnet på organet, journalføringsdato, arkivkode, sak/arkivnr., registreringsnr. og journalførast i kommunen sitt sak/arkivsystem.
- Innkomande telefaxar ^{1e-post} som er sakspost, skal omgåande leverast arkivet for journalføring.
- Posten skal delast i informasjonspost og sakspost. Følgjande vert rekna som **informasjonspost**:

- Trykksaker, reklame, brosjyrer
- Hotell- og billetteringar
- Kursinvitasjonar
- Ordrestadfestingar
- Rekningar
- Sjukemeldingar
- Skjema for søknad om permisjon (kurs, velferdspermisjon)
- Skjema for fråversregistrering
- Invitasjonar, innkallingar til møte
- Publikasjonar
- Rundskriv
- Utskrifter frå andre organ sine protokollar
- Mangfaldiggjort materiale

Pakkepost

Når felles post/arkiv mottek melding om postpakke frå postkontoret, skal dei kvittere og stemple meldingsblanketten og levere den i hylla til vaktmeister som hentar pakka same dag. Er pakka svært stor, gir resepsjonen beskjed til vedkomande avdeling om at den kan hentast i resepsjonen. Elles blir pakka fordelt i posthylla på felles post/arkiv.

Rekommandert post

Rekommandert post skal hentast på postkontoret av vaktmeister og journalførast på same måte som annan post. I tillegg skal all rekommandert post registrerast på eige skjema. Deretter skal den rekommanderte sendinga overleverast saksbehandlar personleg. Mottakaren skal kvittere for motteke rekommandert sending.

Liste over inngåande rekommanderte sendingar som er kvitterte ut, skal oppbevarast i felles post/arkiv.

Telefaks

Når hovudekspedisjonen mottek ein faks, skal dei straks gje melding til mottakar om at han kan hente faksen. Om faksen skal journalførast som inngåande post, tek resepsjonen ein kopi til mottakar. Felles post/arkiv journalfører faksen og oversender den til saksbehandlar som då kan kasta sin «arbeidskopi».

E-Post

Verksemder som nyttar E-post, skal ha eit sentralt e-postmottak for post til verksemda. E-post til det sentrale postmottaket skal opnast av arkivtenesta, i Gol kommune Felles post/arkiv, jfr. arkivforskriftene, KAP III, §3-2.

Dokument som blir sende eller motteke via telefaks og e-post, og som blir rekna som saksdokument, skal arkivmessig behandlast som andre saksdokument etter arkivforskriftene, jfr. særleg §§ 2-6, 3-1 og 3-8.

Beredskapssaker

Dei som opnar dagens post skal ha fylgjande rutine når dei mottek beredskapssaker som er unnateke offentleggjering ifylgje «sikkerhetsinstruksen» eller «beskyttelsesinstruksen».

Sikkerhetsgraderte dokument skal stemplast med raudt stempel fire plassar: Øverst og nederst i høgre hjørne på fram og baksida. Dersom det er fleire dokument, skal dei stiftast saman, nummererast og merkast med gradering på fyrste og siste side.

Dokument som er gradert etter «beskyttelsesinstruksen», skal stemplast med blått stempel øverst i høgre hjørne.

9.3. Rutine for behandling og registrering av post i ytre verksemder

Henting, sortering og opning

- Leiar for verksemda eller den han/ho har gjeve fullmakt, skal hente posten i låsbar postkasse så snart han er komen. Dersom posten blir levert på døra bør det utpeikast kven som skal ta imot posten. Det er berre den post/arkivansvarlege som har lov å opne posten.
- Personleg adressert post, dvs. brev der personnamnet er nemnt før namnet på verksemda, skal snarast skiljast ut og leverast uopna til rette vedkomande. Dersom det syner seg at brevet likevel er til verksemda, har mottakaren ansvaret for at det snarast blir levert til den ansvarlege for registrering. Det kan gjevast fullmakt til å opne personleg adressert post. Fullmakta skal vere skriftleg.
- Posten skal registrerast dagleg der dette er mogleg bemanningsmessig.
- Posten skal delast i informasjonspost og sakspost. Informasjonsposten er ikkje arkivverdig materiale og skal vere gjenstand for arkivavgrensing. Saksposten blir gjenstand for saksbehandling og skal journalførast.

Stempling, koding og registrering

Manuell registrering, dvs. dokumenta vert ført i papirjournalen for hand

- Saksposten skal påførast stempel med namnet på organet, journalføringsdato, arkivkode og journalnr.
- Saksdokument skal registrerast i journalen med fortløpande journalnr. før dei går til saksbehandling, jfr. arkivlova kap III, §3-5
- Registrering av dokument underlagt teieplikt og personsensitive opplysningar skal skje slik at desse ikkje kan kome uvedkomande i hende. Saksområdet skal anonymiserast ved bruk av nøytrale kjenneteikn, omskriving eller utelating i journalen. Det skal også påførast at saka er unnateke offentleggjering, samt lovheimel for unnataket. Dette vert gjort ved å merke saka med A eller B. Ein kan også føre særskild journal over B-sakene.
- Saksdokument som tilhøyrrer ei eksisterande sak, skal knyttast til tidlegare dokument i saka og arkivleggjast saman med desse, jfr. arkivlova kap. III §3-6.

Stempling, koding og registrering

Elektronisk registrering, dvs. dokumenta vert registrert i kommunen sitt elektroniske sak/arkivsystem

- Sjå rutine 9.2.

10. SAKSBEHANDLINGA

10.1.Mottak og fordeling av brev og saker

- Den avdelinga som mottok ei sak eller sjølv tok initiativ til ei sak, skal vurderer kvar saka høyrer heim og evt. vidaresende den til rette avdeling. Om naudsynt kan denne avgjerda lyftast opp til eit nivå som kan ta tverrsektorielle avgjerder.
- Saksbehandlar vurderer om saka skal behandlast politisk eller administrativt. Kriteria for denne avgjerda finn ein i hovudsak i delegasjonsreglementet.
- Avdelingsleiaren for den einskilde avdelinga er ansvarleg for fordeling av sakene.
- Om ei sak oppstår på avdelinga eller anna nivå, er saksbehandlar ansvarleg for at saka blir journalført.
- Alle dokument som er ein del av ei sak skal registrerast i sak/arkivsystemet, jfr. kap.9, pkt.2.

10.2.Førebels svarbrev

- Saker til kommunen skal normalt behandlast innan 2-4 veker. Om ein ikkje kan gje svar innan denne tid, skal det sendast melding til avsendaren om at saka er motteke, kven som er saksbehandlar og når ein kan vente å få svar, jfr, FVL. §11a.

10.3.Rutine for avskriving av saker

- Når eit utgåande dokument er svar på eit inngåande, skal dette vise til kva for eit brev som blir svara på. Saksbehandlar fyller sjølv ut felta for avskrivingsmåte, kven som avskriv brevet og dato.
- Når eit inngåande dokument vert teke til etterretning (ikkje krev svar) så skal:

-Saksbehandlar setje «sett» og egne initialer under stemplet på på dokumentet og levere dette til arkivet.

- I utgangspunktet skal same saksbehandlar som behandla saka fyrste gong, fremje ho til politisk behandling.
- Ved klage på politisk vedtak skal saka fremjast til ny behandling i same utval. Dersom klaga ikkje vert teken til fylgje, skal den oversendast klageinstansen for endeleg avgjerd. I utgangspunktet skal same saksbehandlar som behandla saka fyrste gong, fremje den som klagesak.
- Formannskapet er kommunen sitt klageorgan etter kommunelova.

10.7.Presedenssaker

Dette er saker som er regeldannende for behandling av analoge saker.

Definering av presedenssaker er eit viktig bidrag i arbeidet for lik behandling av analoge saker og for å lette gjenfinning.

Avdelingsleiar på den einskilde avdelinga skal gje Felles post/arkiv melding om ei sak dannar presedens. Arkivpersonalet skriv så dette inn i sak/arkivsystemet. For rask attfinning av presedenssaker i det fysiske arkivet skal arkivpersonalet merke slike saker med spesielle arkivmapper som er lette å kjenne att.

10.8.Restansekontroll

Restansekontroll vil seie at Felles post/arkiv skal skrive ut restanselister over alle registrerte brev som ikkje er avskrivi. Dette for at saksbehandlarane skal ha oversyn over sine ubehandla dokument. Felles post/arkiv skal skrive restanselister 4 gonger i året. Listene skal leverast avdelingsleiar som har ansvaret for å fylgje opp restansepostane.

10.9.Utvalsarbeid

Klargjering før møtebehandling - saksbehandlar sitt ansvar:

- Rydde saksmappa før den vert levert til felles post/arkiv, dvs. fjerne kladdedokument, gule lapper osv. (Viktig i høve til arkivavgrensing)
- Vedlegg skal merkast og liggje i kronologisk rekkefylgje.
- Dokument som skal unnatakast offentlegheit, skal merkast tydeleg både i vedleggslista og på sjølv dokumentet.

11. TRYGGLEIKSRUTINER

- Alle tilsette skal skrive under «erklæring om teieplikt» før dei tek til i arbeidet for Gol kommune.
- All inngåande post skal vurderast i høve til offentlegheitslova, §§ 4-6.
- Det skal gå fram av postjournalen kva for ein lovparagraf som gir heimel for å unnta dokumentet frå offentlegheita.
- Den som har eit fortruleg dokument i si varetekt, er personleg ansvarleg for at opplysningane ikkje blir gjort kjende for uvedkomande.
- Saksbehandlar pliktar å sjå til at eit dokument som ligg i EDB-systemet er sikra mot innsyn og bruk frå andre enn dei som skal ha tilgang til det. Om dokumentet ikkje ligg på sikra mappe, må det sikrast særskilt. Ligg dokumentet på ei sikra mappe, kan andre berre få tilgang til det ved at dei er oppførde i ei «adgangliste».
- Alle plikter å setje seg inn i korleis ein sikrar sine dokument frå offentleggjering ut frå det EDB-systemet kommunen til ei kvar tid nyttar.
- Utlån av fortrulege dokument frå arkiv skal berre skje til personar som treng dokumentet i si teneste. Det skal nyttast utlånskort der det står oppført utlansdato, kven som har lånt dokumentet og frist for attendelevering.
- Om det er tvil, skal arkivpersonalet innhente godkjenning frå ansvarleg overordna før dei leverer ut dokument frå arkivet. Berre dei tilsette i Felles post/arkiv skal hente ut slike dokument.
- Alle som har ansvar for arkiva i Felles post/arkiv og spesialarkiva i avdelingane, skal syte for at alle skåp og lokale blir låst. Nykel til skåpa og lokala skal ikkje disponerast av andre enn arkivpersonalet og den som disponerer kontoret.

Retningslinjer for arkivering av personalsaker

1. Definisjoner

Med **personalsaker** mener vi: Alle dokumenter som vedrører virksomhetens forhold til de ansatte.

Med **personalarkiv** mener vi: Arkivserier som utelukkende inneholder saker vedrørende den enkelte ansatte.

Med **personalmapper** mener vi: Mapper i personalarkivet på den enkelte ansatte.

Med **dokument** mener vi: Medium som lagrer informasjon.

Med **arkiv** mener vi: Dokumenter som blir til som ledd i en virksomhet.

Med **saksarkiv** mener vi: Arkivsaker ordnet etter emne i henhold til kommunens arkivnøkkel.

(Merk: Begrepene dokument og arkiv er uavhengig av lagringsmedium).

2. Forholdet mellom saksarkiv og personalarkiv

Korrespondanse og andre dokumenter vedrørende de ansatte arkiveres dels i saksarkivet, dels i personalmappene i personalarkivet.

Saksarkiv for personalsaker

Saker av prinsipiell art eller som angår grupper av ansatte skal som hovedregel arkiveres i saksarkiv.

Ansettelsessaker skal arkiveres i saksarkivet (eller eget opprettet ansettelse/stillingsarkiv). Følgende dokumenter skal ligge i saken:

- Evt. Forberedende korrespondanse/vedtak (jfr. Hovedavtalen)
- Stillingsannonsen
- Søkerliste (enkel og utvidet søkerliste)
- Søknad (kopi for den som blir ansatt)
- Innstilling
- Brev til uttalelsesinstanser, og svar fra disse
- Stillingstilbud, bekreftelse eller avslag
- Gjenpart av ansettelsesbrev
- Gjenpart av arbeidsavtale

retunere el. makulere søknader fra andre enn den som blir tilsatt.

Personalarkiv

Saker som angår den enkelte ansatte og han/hennes forhold arkiveres i personalmappen. I enkelte saker vil det være nødvendig å dobbeltarkivere en sak både i personalarkivet og i saksarkivet.

Disiplinærsaker skal normalt bare arkiveres i personalmappen. Hvis hensynet til saksbehandlingen gjør at dokumenter i saken også må arkiveres i det alminnelige saksarkivet, skal saken anonymiseres slik at berørte personer ikke kan identifiseres, jfr. Personalreglementets § 14.

Disiplinærsaker

Skriftlig påtale i disiplinærsaker som ikke har ført til oppsigelse/avskjedigelse legges i særskilt omslag og fjernes når arbeidstakeren i tre år etter påtalen har vist korrekt forhold i tjenesten. Jfr. Personalreglementet for Oslo kommune § 14 2. ledd.

5. Oppbevaring av personalarkiv

Personalarkivet skal oppbevares adskilt fra det alminnelige saksarkivet. Det skal holdes låst og betjenes kun av særskilt personell. Dette gjelder også eldre bortsatte personalarkiv. Bare de som arbeider med virksomhetens personalsaker skal ha adgang til innsyn i personalarkiv.

Den enkelte ansatte har krav på innsyn i egen personalmappe, men kan ikke kreve å få denne utlevert. Det samme gjelder advokat, lege o.a. som representerer den ansatte og har fullmakt fra denne. (De ansattes innsynsrett reguleres i lov om personregistre § 7 og i forvaltningslovens § 18).

Dokumenter om den enkelte ansatte, som man ikke kan gi den ansatte innsyn i av hensyn til kommunens sikkerhet eller faren for at bevis forspilles i aktuell disiplinærsak, skal ikke legges i personalarkivet, men oppbevares i særskilt fortrolig arkiv så lenge de er aktuelle. Deretter overføres de personalarkiv. En bør vise varsomhet med å foreta kassasjoner i slike saker.

6. Bortsetting og avlevering

Mapper på fratrudd personale utskilles og bortsettes i ordnet stand hvert 5. eller 10. år. Mappene bør påføres tillatt kassasjonsdato i henhold til gjeldende retningslinjer for kassasjon. Det må innføres rutiner som sikrer at materiale, som tillates kassert tidligere enn det øvrige innhold i mappene (jfr. Pkt. 4 her), blir utskilt og kassert.

Personalarkiv avleveres i Oslo byarkiv etter at i alt innhold med begrenset bevaringsplikt er kassert. Register og personalmapper skal avleveres samlet i henhold til kommunens retningslinjer for avlevering.

7. Overføring av opplysninger i personalarkiv

Personalarkivet som er knyttet til den enkelte virksomhet, og personalmapper skal ikke overføres. Ved ansettelse i ny virksomhet opprettes ny personalmappe. Utveksling av informasjon skjer i form av kopier.

12. VEDLEGG

IKA Kongsberg

Interkommunalt arkiv for Vestfold, Telemark og Buskerud

Retningslinje for klientmapper i sosialtjenesten

© IKA Kongsberg 1999

1. FORMÅL

Formålet med denne retningslinjen er å etablere et felles regelverk for oppretting og registrering, arkivering og avlevering av klientmapper i sosialtjenesten innenfor rammen av gjeldende lover og retningslinjer.

2. VIRKEOMRÅDE

Denne retningslinjen gjelder for klientsaker innen sosialtjenesten som er opprettet etter Lov om sosiale tjenester av 13. desember nr. 81 1991.

3. DEFINISJONER

I denne retningslinjen definerer vi en sak som sosialsak når sosialtjenesten oppretter et klientforhold til en person etter søknad om ytelser og/eller tjenester etter sosialtjenesteloven. Herunder regnes ikke råd og veiledning.

4. OPPRETNING AV SAK

4.1 Sosialklientens fødselsnummer

Hver klientmappe i sosialtjenesten skal opprettes på en unik identifikasjon som er sosialklientens fødselsnummer.

Fødselsnummeret (11 siffer) skrives i henhold til Norsk standard:

Klientmappen påføres sosialklientens fødselsdato på formen *dag-måned-år*.
Personnummer benyttes for å skille klienter født på samme dato.

4.2 Klientmappe

Det skal opprettes klientmappe for hver sosialklient som har saker til behandling hos sosialtjenesten. Denne mappen skal ordnes etter følgende kriterier:

- Mappeomslag med fødselsnummer (KLIENTMAPPE)
- Liste over dokumenter i kronologisk orden
- Klientjournal med journalnotat, referater, meldinger og korrespondanse (*hvitt falset ark*)
- Klientsaker med søknad, saksbehandling og vedtak (*gult falset ark*)
- Generelle saker om økonomisk tilskudd med søknad, saksbehandling og vedtak (*blått falset ark*)
- Dokumenter unntatt partsinnsyn (*rødt falset ark*)

- Dokumenter som ikke er listeført: (grønt falset ark)
 - Dubletter, konsepter og notater

5. UTLÅN OG OVERFØRING AV KLIENTMAPPER

5.1 Utlånskort

Ingen klientmapper må fjernes fra sin plass i arkivet uten at utlånet registreres. Det skal fylles ut utlånskort påført mappens nummer, navn, låntakers initialer og dato for utlån. Utlånskortet settes på sakens plass i arkivet til informasjon om hvem som har saken og tas ut når mappen leveres tilbake.

Utlånte dokumenter skal normalt ikke bringes med utenfor virksomhetens kontorlokaler.

5.2 Eksternt utlån

Klientmapper skal ikke lånes ut til andre virksomheter. Ønsker en klient innsyn i sin mappe (partsinnsyn) - direkte eller via advokat - skal dette skje på sosialkontoret. Eventuelt kan virksomheten sende en dokumentliste hvor klienten kan krysse av for hvilke dokumenter hun/han vil ha kopi av.

5.3 Oversending av kopier

Kopier av dokumenter som inneholder personsensitive opplysninger skal sendes rekommandert eller som verdipost.

5.4 Fylkesmannen / Fylkesnemnda

Fylkesmannen / Fylkesnemnda godtar kopier av saksdokumenter fra kommunene ved håndtering av klagesaker/tvangssaker. Kopiene kan makuleres etter bruk.

5.5 Ved flytting til annen kommune

Kopier av klientsaker kan kun bli overlevert til en annen kommune så sant klienten samtykker eller ber om dette.

5.6 Bruk av telefaks ved overføring av klientopplysninger

En skal som hovedregel aldri sende personsensitive opplysninger over telenettet. Dette fordi telefaksen benytter åpne telelinjer det er enkelt å avlytte og fordi avsender lett kan sende opplysningene til feil adressat.

Hovedregelen bør kun fravikes dersom det er av vital betydning for klienten/saken at slike opplysninger utleveres straks. I slike tilfeller bør følgende prosedyre følges:

- Det lages en arbeidskopi av originaldokumentene
- Personopplysninger om klienten fjernes med korrekturlakk e.l. fra arbeidskopien
- Den anonymiserte arbeidskopien kopieres på nytt og sistnevnte kopi kontrolleres for personopplysninger før opplysningene sendes over faks
- Mottaker må bekrefte telefonisk at opplysninger er kommet frem
- Alle kopier makuleres etter overføringen
- Navn på den som har godkjent forsendelsen noteres på klientmappen

5.7 Bruk av e-post ved overføring av klientopplysninger

Det skal som hovedregel aldri sendes personsensitive dokumenter elektronisk. Kreves likevel dette av klient eller dens advokat skal man forsikre seg om at dokumentet er forskriftsmessig sikret ved kryptering der dette er innført i de interne sikkerhetsrutinene. Er ikke rutiner for bruk av "kryptert e-post" innført skal dokumentet anonymiseres før det blir sendt.

Ved overføring av dokumenter skal navnet på den som har godkjent overføringen alltid noteres på klientmappen.

6. ARKIVERING AV KLIENTMAPPER

6.1 Arkivering

Klientsaker i sosialtjenesten skal arkiveres som en egen serie. Mappene skal være sortert etter fødselsnummer i låst arkivskap.

6.2 Aktivt arkiv

I aktivt arkiv skal det bare oppbevares saker som er under behandling eller som er i bruk i tilknytting til saksbehandlingen.

6.3 Bortsetting

6.3.1 Ansvar for bortsetting

Alle klientsaker som ikke har vært aktive de siste 24 måneder, skal overføres til bortsetningsarkivet. Sosialtjenestens lokaler for bortsetting skal tilfredstille kravene i Lov om arkiv av 4. desember 1992 med forskrifter fastsatt ved kgl. res. 11. desember 1998.

6.3.2 Ordning i bortsetningsarkivet

Ordningen i bortsetningsarkivet skal følge samme system som ble benyttet da klientmappene befant seg i aktivt arkiv. Avsluttede klientmapper holdes samlet i perioder på to år.

6.3.3 Adgang til bortsetningsarkivet

Adgang til bortsettingsarkivet skal tilfredsstillende arkivforskriftens § 4-9, tredje ledd.

7. ARKIVBEGRENSNING OG KASSASJON

Det er ikke tillatt å kassere klientmapper i sosialtjenesten.

7.1 Arkivbegrensning

Det **grønne omslaget**, som inneholder dubletter, konsepter og notater tas ut og makuleres (jf. pkt. 8.3).

7.2 Kassasjon

IKA Kongsberg skal søke om tillatelse fra Riksarkivaren om kassasjon i sosialklientmappene etter følgende forslag:

- Saker om *økonomisk bistand* i **blått omslag** kasseres 10 år etter siste innføring eller senest ved avlevering til IKA Kongsberg.

7.3 Rensing

Plastomslag, binders, stifter og strikker skal fjernes.

All arkivbegrensning og kassasjon av dokumenter skal skje ved at materialet brennes eller makuleres.

8. AVLEVERING AV KLIENTMAPPER TIL IKA KONGSBERG

8.1 Tidspunkt for avlevering

Kommuner i Buskerud, Vestfold og Telemark som har gjort et vedtak om avlevering av sine klientregistre til IKA Kongsberg, skal avlevere klientmappene sine når

- de er å regne som avsluttet, senest 10 år etter sakene er ute av aktivt bruk

Avleveringen skal skje etter avtale med IKA Kongsberg hvert 4. år med utgangspunkt i året for første avlevering.

8.2 Ansvar for avlevering

Øverste leder for sosialtjenesten har ansvar for at avlevering utføres i samsvar med retningslinjer vedtatt i kommunen.

Ved avlevering blir registeransvaret for materialet overført til daglig leder ved IKA Kongsberg. Det avleverte materialet blir behandlet etter rammekonsesjonen for IKA Kongsberg.

8.3 Klientmapper som avleveres

